



Atle Hansen, egentleg bømbling men busett på Stord sidan 1970, er ein multimann som satsar på vekselbruk. Han er 50 prosent journalist i Sunnhordland og dertil, låtskrivar, visesongar og forfattar av 15 bøker. Ein kan leggja til skodespelar, for Atle spelar med heile kroppen når han opptrer. I dag presenterte han bortimot heile seg for elevar og lærarar i Aktivitetshuset og dei to timane var eit skikkeleg show!

Timane med Hansen var eit avgjort høgdepunkt i leseprosjektet ved skulen som jobbar med hans bokprodukt heile denne månaden. Utifrå spørsmåla han fekk i dag kan ein slutta at elevane har vore flinke til å lesa Hansen.

Hansen er også ein framifrå formidlar. På svært engasjerande vis fekk han fortalt korleis han arbeider og framfor alt kva som inspirerar han. Ikkje minst var elevane lydhøre då han fortalde frå oppveksten sin.

Av reint faktiske opplysningar var det interessant å høyre at Odd Nordstoga sin superhit om grisen egentleg skriv seg frå ein annan. Også Hansen blir inspirert av andre, men han er i stor grad ei inspirasjonskjelde sjølv. Det skulle ikkje forundre oss om nokon i elevflokken no let seg inspirera til å skriva.

Over og under kan ein sjå to stilstudiar av Hansen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

